

<b>Kva:</b>	Referat frå Haustmøte Hopp- og Kombinertkomiteen
<b>Tidspunkt:</b>	Laurdag 21. oktober 2023, kl. 14:30-17:00
<b>Stad:</b>	Hotel Alexandra, Loen
<b>Sakliste:</b>	Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste Sak 02) Val av referent Sak 03) Rekrutteringsarbeid i klubbane Sak 04) Aktivitetsplan 2023-2024 Sak 05) Terminlista 2023-2024 Sak 06) Økonomi og marknadsavtalar Sak 07) Anlegg. Status og vegen vidare.  Eventuelt
<b>Til stades:</b>	Jon Ove Lomheim, Lars Brekke, Johnny Seljeset, Bjartmar Rinde, Nils Olav Kongsvik, Per Birger Lomheim
<b>Merknad:</b>	Forfall i komiteen: Jan Inge Årdal og Rune Rebni Pedersen
<b>Referent:</b>	Jon Ove Lomheim

## Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Vårmøtet godkjenner innkalling og sakliste revidert ny sak 07).

## Sak 02) Val av ordstyrar og referent

Vedtak:

Bjartmar Rinde valt som ordstyrar og Jon Ove Lomheim som referent.

## Sak 03) Rekrutteringsarbeid i klubbane

Vedtak:

- Sørge for at hovedlaget og ansvarleg for barneidrett er med og styrer klubben sine aktivitetar for ungane i hht idrettsforbundet sine reglar opp til 12 år
- HKK set opp framlegg til klubbar/anlegg som skal prioriterast av for rekruttering til hoppmiljøet i krinsen. Anlegget må vera i (ved) eit anlegg tilrettelagt for hoppleik i alpin- eller langrennsanlegg.
- HKK avtalar ansvarleg person i klubbane (i region) som tek ansvar for gjennomføring i klubb (region)
- Både ungane og foreldra må inkluderast for aktivitet frå dag 1. Eigen aktivitet kun for foreldre med vekt på praktisk innføring i skileik og basiskunnskap.
- Aktivitet i klubbane skal vera mest mogleg basisretta (leik) for alle idrettsgreiner
- Klubbane bør prioritere utstyr til gratis utlån for dei som ikkje har dette sjølve

## Sak 04) Aktivitetsplan 2023-2024



## Vedtak:

HKK (saman med skiklubbutviklar) må inn i klubbane (eksisterande hoppgrupper/ hoppmiljø) for å skape skiaktivitetar med "leik" i klubbane, deretter skape grunnlag for miljøsamlingar på regionnivå (i Sogn og Fjordane) eventuelt basisamlingar på krinsnivå.

## **Sak 05)** Terminlista 2023-2024

### Vedtak:

Terminlisteansvarleg lagar utkast til terminliste, tilsvarande sist vintersesong, og koordinerer den med HKK-Hordaland.  
Terminliste handsamast fortløpande i komiteen og godkjennast av komiteen.

## **Sak 06)** Økonomi og marknadsavtalar

### Vedtak:

Leiar føl opp SFE-avtalen med krinssekretær og styret. Økonomi og budsjett for HKK vurderast av styret etter innspel av vårmøtet når SFE-avtalen er i boks.

## **Sak 07)** Anlegg. Status og vegen vidare.

### **Hafslo:**

Vinterbakke K10 og K19 er ferdig planert, men det gjenstår arbeid for ferdig anlegg i 2024.

Idrettslaget (saman med skisenteret) søker spelemiddelgodkjenning for nytt heilårsanlegg for K5-, K10- og K20-bakke i ny planperiode 2024-2027 med prioritering så tidleg som mogeleg i planperioden.

K45-bakken sett på vent i planperioden og hoppgruppa vonar på spelemiddelgodkjenning i 2027.

### **Vik:**

Leiar i HKK var på synfaring juli 2023 i hoppanlegget saman idrettslaget (hovedstyret/ anleggsansvarleg for Vik skisenter + skigruppa) og utarbeidd rapport med framlegg til tiltak for vedlikehald og oppgradering av hoppanlegg til heilårsanlegg (2 nye bakkar + eksisterande K25).

### **Førde:**

Ikkje aktivitet i Kleiva hoppcenter sist vinter, men held vedlikehald og hoppcenter klart for aktivitet. Satsar på aktivitet i K8, K16 og K30 ved behov eventuelt K52.

Bygt ny K7 og K12 på Langeland skisenter inntil langrennsløypa ved målområdet.

Planlagt heilårsanlegg i Hafstadparken har stoppa opp pga avklaring av areal i høve fotballinteresser.

Plassering av heilårsanlegg i Vieåsen er betre alternativ for hopp-sporten, bør veljast og prioriterast raskt for bygging.

## **Stryn-Hornindal:**



- Sentrum:  
Her har planlagt heilårsanlegg for hopp (mindre enn 20 meter) stoppa opp på grunn av økonomisk utføre for større utbygging.
- Bjørkelibakkane:  
Her er aktivitet opptil K15-bakken. På sikt håpar hoppgruppa å få til aktivitet i K40-bakken også.  
Anlegget har ein "eksisterande hoppbakke" (ca K25), som er forfalle og ikkje er bruk.  
HKK bør oppmoda Veten il å bygge om hoppbakken (ca K25) til heilårsanlegg tilsvarande K15.
- Hornindal skisenter:  
Ingen aktivitet for hoppleik, men det er ønskjeleg med etablering av nærmiljøanlegg opp til K20 lett tilgjengeleg og enkelt for preparering av maskiner.

Vedtak:

Leiar følg opp saman regionkontaktane i komiteen realisering av nye eller oppgradering av hoppanlegg i skikrinsen.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Jon Ove Lomheim (s)  
Leiar